



Lindås kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2257 - 16/34280

Saksbehandlar:

Olaf Michal Hella

Olaf.Hella@lindas.kommune.no

Dato:

15.12.2016

Innspel til planprogram områderegulering for Lonena, Lindås kommune.

Rektor ved Knarvik ungdomsskule ønskjer på vegne av skulen å komme med innspel til høyringa. I møte i samarbeidsutvalet ved skulen 29.11.2016 uttrykkjer samarbeidsutvalet stor uro for trafikksituasjonen på FV 57 om morgonen mellom kl 8.00 -8.15. I denne tida kjem elevane som går på Knarvik ungdomsskule, Knarvik vidaregåande skule, og barnehageborn i barnehagane i området. Dette medfører ein enorm trafikk i området og mange farlege situasjonar i fotgjengarovergangen på FV 57. Slik denne løysinga er i dag er trafikkbiletet så uoversiktleg i denne aktuelle tida at samarbeidsutvalet vil fraråda vidare utbygging i området før ein har løyst trafikkutfordringane ved FV 57 om morgonen.

Til sjølve planen er det viktig for skulen at aktivitetsløypa rundt Lonena vert bevart. Det har stor verdi for elevar, skule og fritida for innbyggjarane i Knarvik. Ut frå dette ser skulen alternativ 0 og alternativ 1 som dei mest ønskjelege alternativa.

I samband med elevprognosane i komande tid ber vi at dette vert vurdert inn mot skulane sin kapasitet i framtida. Ei framtidig storutbygging av dette området må vurderast i forhold til trong for utbygging på skulen.

Grunna kort tid til uttale i saka har ikkje rektor lagt saka for skulen sine rådsorgan, såleis kan det vere hensiktsmessig å utvide fristen for innspel til slutten av januar.

Med helsing

Olaf Michal Hella
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Mottakarar:
Lindås kommune